Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 69/14

Sak nr.: 2014/4743

Møte: *på sirkulasjon*

Oppnemning av sakkunnig nemnd - utlyst stilling som forskarlineleiar

Fakultetsstyret vedtok i sak 64/14 at dekan og prodekan er inhabile i samband med vidare handsaming av utlyst stilling som forskarlineleiar ved MOF. Vedtaket inneber og at dekan si fullmakt til oppnemning av sakkunnig nemnd går attende til fakultetsstyret. I sak 65/14 vart det gjort vedtak om møteleiar og innstillande mynde som følgje av dette, samt at fakultetsstyret skal oppnemne sakkunnig nemnd på sirkulasjon.

I brev av 29.08.2014 ber fakultetet instituttleiarane kome med forslag til medlemmar i den sakkunnige nemnda som skal vurdere søknadane til stillinga. Forslag til medlemmar i nemnda må ta høgde for søkjarane sine ulike fagområder. Nemnda skal bestå av to eksterne og eit internt medlem. Nemnda kan supplerast med fleire dersom det er tenleg i høve til handsaminga.

Ein foreslår ei sakkunnig nemnd med fire medlemmar:

Anne Møystad, UiO,
Ulf Lerner, Umeå Universitet,
Rolf Jorde, UiT,
Rolf K. Reed, UiB (leiar)

Medlemmane er kontakta og har sagt ja til å ta på seg arbeidet med vurdering av søknadane med frist 1. februar 2015.

Forslag til vedtak

1. Styret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet vedtar å oppnemne følgjande sakkunnige nemnda for vurdering av søknadar til utlyst stilling som forskarlineleiar:

   Anne Møystad, UiO,
   Ulf Lerner, Umeå Universitet,
   Rolf Jorde, UiT,
   Rolf K. Reed, UiB (leiar)

Frist for levering av sakkunnig uttale er 1. februar 2015.

Inger Hjeldnes Senneseth
Fung. fakultetsdirektør

Marianne Bø Larsen
Seksjonsleiar rekruttering

01.10.2014 /ELSØ

Vedlegg:
Brev til instituttleiarar
Oversikt over søkjarar med fagområde

UNIVERSITETET I BERGEN
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Instituttleiarar

Referanse
2014/4743-ELSØ

Dato
29.08.2014

Forslag til sakkunnig nemnd i samband med tilsetjing av forskarlineleiar

Stillinga som forskarlineleiar (professor/førsteamanuensis) vart lyst ut med søknadsfrist 29.6.2014. Det kom inn 15 søknadar til stillinga. Ved gjennomgang av søkjarlista til stillinga, har dekan og prodekan erklært seg inhabile på grunn av nært forskingssamarbeid med søkjar.

Fakultetsadministrasjonen ber instituttleiarane om å foreslå medlemmar til den sakkunnige nemnda som skal vurdere søknadane til stillinga som forskarlineleiar. Nemnda skal ha minst tre medlemmar og to av desse skal vere utanfor UiB. Båe kjønn må vere representert og medlemmane må ha professor kompetanse. Me ber instituttleiarane foreslå medlemmar i nemnda sett i høve til fagområda til søkjarane. Forslaget må vise kva kompetanse vedkomande har og kva fagområde vedkomande dekkjer.

Vedlagt er offentleg søkjarliste samt oversikt over søkjarane si utdanning og fagområde.

Frist for forslag til medlemmar i nemnda er 12.9.2014.

Venleg helsing

Inger Hjeldnes Senneseth
Fung. fakultetsdirektør

Marianne Bø Larsen
Seksjonaleiar rekruttering

Vedl.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Det medisinsk-odontologiske fakultet
Telefon 55582086
Telefaks 55589682
post@mofa.uib.no

Postadresse
Postboks 7804
5020 Bergen

Besøksadresse
Armauer Hansens Hus
Bergen

Sakshandsamar
Eldbjørg Sanden Søvik
+47 55 58 61 42

14/4743 Forskarlineleiar (professor/førsteamanuensis)

Søkjar nr	Etternamn	Fornamn	Eksamen høgare grad	Utdanningsstad	Fagområde
1	Watuwa	Williams	ingen søknad eller vedlegg		
2	Tsinkalovsky	Oleg	Lege, PhD	Russland/Bergen	immunologi/patofysiologi
3	Dumitrescu	Alexandrina	Tannlege, masterstudent psykologi	Romania	periodonti/psykologi
4	Nie	Xuguang	Tannlege, PhD	Kina/Bergen	cellebiologi/oralkirurgi
5	Juliusson	Peter Benedikt	Lege, PhD	Island/Bergen	endokrinologi/metabolisme/pediatri
6	Rekand	Tina	Lege, PhD, professorbedømt	Estland/Bergen	nevrologi
7	Olsen	Lisbeth Charlotte	Biokjemi, PhD, professorbedømt	Bergen	molekylærbiologi
8	Lønnebakken	Mai Tone	Lege, PhD, univesitetspedagogikk	Bergen	biletdiagnostikk/hjartesjukdomar/indremedisin
9	Xing	Zhe	Tannlege, PhD	Kina/Bergen	cellebiologi
10	Jonsson	Malin	Tannlege, PhD, pt spesialistutd.	Bergen	immunologi/kjeve- og ansiktsradiologi
11	Visted	Therese	Lege, PhD	Bergen	cellebiologi/kreftforsking/pediatri
12	Kessler	Jørg	Lege, PhD	Tyskland/Bergen	obstetrikk/gynekologi
13	Sagen	Jørn V.	Lege, PhD	Trondheim/Bergen	endokrinologi/genetikk/medisinsk biokjemi
14	Guttormsen	Anne Berit	Lege, PhD, professorbedømt	Bergen	biokjemi/anestesiologi
15	Storstein	Anette	Lege, PhD	Trondheim/Bergen	nevroimmunologi/nevrologi